HAVFORSKINGS NYTT
NR. 15–2009

# Forskingsstasjonen Matre – avansert forskingsarena



AV TOM HANSEN



***Sidan opninga i 1971 har Forskingsstasjonen Matre vore hovudarena for forsking på laksefisk i Havforskingsinstituttet og for ei rekkje nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar. Stasjonen ligg vel 8 mil nord for Bergen. I 2006 vart stasjonen totalt modernisert med ny vassforsyning, nye og betre fasilitetar for eksperimentell forsking og nye laboratorium for avanserte analysar.***

Forskingsstasjonen Matre er bygd for å gjere både små- og storskala studiar på fiskeslag som i dag vert oppdretta og fiskeslag som kan bli oppdrettsartar i framtida. Fasilitetane er også svært godt eigna for studiar på villfisk, inkludert studiar av klimaendringar og eksperiment knytt til forureiningsspørsmål.

**AKVAKULTURRELATERTE STUDIAR**

Fiskeernæring – Alle tankar er utstyrte med eit nøyaktig fôringssystem og oppsamlingsutstyr for fôr som vert til overs.

Fiskevelferd – Det er muleg å studere variasjonar i parameter som temperatur, saltinnhald, vasstraum, oksygen, karbondioksid, fôring, daglengde og lysintensitet, fisketettleik m.m. Fasilitetane er utstyrte med det mest moderne utstyr som finst for miljøkontroll og overvakingssystem.

Vekst og reproduksjon hos fisk – Miljøparametra kan kontrollerast i eksperimentelle tankar som er

Retur: Havforskingsinstituttet, Postboks 1870 Nordnes, NO-5817 Bergen

HAVFORSKINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

## Kva er nytt?

- Temperaturar ned til 1 °C og opp til 20 °C kan kontrollerast med 0,1 °C nøyaktigheit heile året. Underkjølt vatn (under 0 °C) og vatn med temperatur over 20 °C kan produserast i kortare periodar
- Saltinnhald mellom 0 og 35 ppt
- Kontroll av daglengde og lysintensitet
- Syklusar (t.d. dagleg, månadleg og årleg) i alle vasskvalitets parameter kan programmerast og overvakast nøye
- Vasstraumen kan regulerast i liter eller til å halde eit førehandsprogrammert oksygennivå ved utløpet
- Oksygenert fersk- og sjøvatn kan tilførast i alle tankar
- Andre gassar eller væsker (t.d. karbondioksid, ammoniakk) kan tilførast
- Sjøvatn med mettingsgrad ned til 60 % er tilgjengeleg
- Ein stor karanteneseksjon gjer det mogeleg å arbeide med dyr som har ukjend helsestatus, og stasjonen er sertifisert for å arbeide med genmodifiserte organismar
- Tankar mellom 60 og 300 cm diameter med kapasitet på frå 180 til 7000 liter

# Forskingsstasjonen Matre – avansert forskingsarena

laga for å kunne halde ei rekkje fiskeslag i store og små grupper.

Eit spesialisert laboratorium for studiar av individuell fisk er på plass. Her kan det til dømes gjerast forsøk på fisk som har fått lagt inn kanyle. Laboratoriet er fullt utstyrt med alle vasskvalitetar, kontroll av daglengde og oppsamlar for fôr som vert til overs. Eit fullt utstyrt analyselaboratorium er også integrert

### FISKERIRELATERTE STUDIAR

Fasilitetane i Matre er svært godt eigna for kort- og langtidsstudiar av villfisk som torsk, sild, makrell og hestmakrell. Her er det mogeleg å studere korleis miljøfaktorar og tilgang på fôr påverkar vekst og reproduksjon; korleis endringar i klima kan influere på desse prosessane, og korleis organiske og uorganiske foureiningskjelder verkar saman med dei fysiologiske prosessane. Gjennom modellstudier kan vi finne ut korleis marine organismar vil overleve, vekse og formeire seg i eit surt hav.




Nordnesgaten 50
Postboks 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen – Norway
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 55 23 85 31

www.imr.no

**HAVFORSKINGSINSTITUTTET AVDELING TROMSØ**
Sykehusveien 23
Postboks 6404
NO-9294 Tromsø
Tlf.: 77 60 97 00
Faks: 77 60 97 01

**HAVFORSKINGSINSTITUTTET FORSKINGSSTASJONEN FLØDEVIGEN**
Nye Flødevigveien 20
NO-4817 His
Tlf.: 37 05 90 00
Faks: 37 05 90 01

**HAVFORSKINGSINSTITUTTET FORSKINGSSTASJONEN AUSTEVOLL**
NO-5392 Storebø
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 56 18 22 22

**HAVFORSKINGSINSTITUTTET FORSKINGSSTASJONEN MATRE**
NO-5984 Matredal
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 56 36 75 85

**REIARLAGAVDELINGA**
Nykirkekaien 1
Tlf.: 55 23 68 49
Faks: 55 23 85 32

**AVDELING FOR SAMFUNNSKONTAKT OG KOMMUNIKASJON**
Tlf.: 55 23 85 38
Faks: 55 23 85 55
E-post: informasjonen@imr.no

**KONTAKTPERSONAR**
Tom Hansen
Forskingskoordinator
Tlf.: 56 36 75 11
E-post: tom.hansen@imr.no

Øivind Torslett
Stasjonsleiar
Tlf.: 56 36 75 15
E-post: oivind.torslett@imr.no